

Ordskifte

INNLEGG OVER 3500 TEIKN INKL. MELLOMROM KAN BLI NEDKORTA
ordskifte@dagogtid.no (Me godtek innlegg både på nynorsk og bokmål.)

Samarbeidet mellom akademia og industrien er avgjørende

INDUSTRI
LARS HØIER
TRONDHEIM

Forskningssamarbeidet mellom akademia og industri har løst noen av vår tids største teknologigåter, skapt verdier for mange milliarder kroner og bidratt til at vi har en norsk industri i verdensklasse.

Påstanden over er ikke spesielt hårete. Tvert imot, den er ganske presis.

I førti år har samarbeidet mellom industri, universiteter og forskningsinstitusjoner bidratt til å løse noen av de mest komplekse teknologigåtene vår industri har stått overfor. I dette triangelens spenningsfelt har det foregått banebrytende teknolog utvikling og innovasjon. Flerfase-teknologien (i Aftenposten kåret til Norges beste oppfinnelse etter 1980), subsea-revolusjonen og seismikk-utviklingen er konkrete eksempler på det. Norsk sokkel i dag har en av de høyeste utvinningsfaktorene i verden. Vi klarer å utvinne mer olje og gass fra våre reservoarer enn andre steder, i 2012 utvant Statoil et snitt på 50 prosent av all olje fra våre reservoarer på norsk sokkel. Det hadde ikke vært mulig uten en industri som våger å ta i bruk ny teknologi og å tenke langsiktig – sammen med akademia og forskningsinstitusjonen.

I tillegg til å realisere norsk sokkel har forskningssamarbeidet mellom industrien og akademia bidratt til å utvikle norske forskningsmiljøer i verdensklasse. Denne kompetansen kommer ikke bare olje- og gassindustrien til gode, men har generert ideer, prosjekter og miljøer som skaper verdier også for andre industrier.

Som Det internasjonale energibyrådet (IEA) legger Statoil til grunn at olje og gass i flere tiår fremover vil være en vesentlig del av den globale energiforsyningen. Norge er Europas nest største leverandør av gass til det europeiske energimarkedet og kan spille en vesentlig rolle i å redusere fremtidige CO₂-utslipp. Derfor er det viktig å forske på det som er gjør Statoil og vår industri i stand til å sikre en mest mulig forsvarlig og effektiv utnyttelse av naturressursene.

De teknologiske utfordringer vi står ovenfor nå, er mer krevende enn for bare få år siden. Vi har behov for nye teknologier for å løse oppgaver innenfor hele spekteret av vår aktivitet. Både på plattformene, på havbunnen og i undergrunnen trenger vi teknologi som styrker den operasjonelle sikkerheten, øker forståel-

sen og gjør oss i stand til å drive våre anlegg på en enda sikrere og mer effektiv måte.

Norske universiteter representerer en viktig kunnskapsbase for Statoil og for industrien vi er en del av.

Hovedtyngden av forskning finansiert av Statoil er oppdragsforskning rettet inn mot definerte problemstillinger. For å bygge kompetanse i verdensklasse trenger vi i tillegg langsiktighet gjennom grunnforskning. Offentlig finansiering av strategisk og grunnleggende forskning for vår virksomhet er ikke tilstrekkelig i dag.

Statoils forskningsbudsjett er i 2013 på 3,2 milliarder norske kroner. Ca. 85 millioner kroner av dette brukes årlig på Akademia-avtaler med verdensledende universiteter i og utenfor Norge. Målet med Akademia-programmet er å stimulere til grunnforskning, kunnskapsbygging og utdanning ved universitetene. En langsiktig og miljømessig forsvarlig utvikling og drift av Statoils virksomhet krever grunnforskning og kompetanse på svært høyt nivå. For å unngå at vår finansiering av grunnforskning skaper uønskede bindinger er vi opptatt av at alle resultater skal publiseres, slik at resultatene kan etterprøves av andre vitenskapelige miljøer og deles med flere. Dette er grunnforskning og kunnskapsbygging med bred anvendelse, og det ligger ingen føringer i vårt Akademia-program for hvor denne skal anvendes eller hvor kandidatene skal begynne å arbeide.

Statoil deltar i en rekke prosjekter og nasjonale sentre initiert av forskningsrådet. Disse er rettet inn mot både petroleum og fornybar energi. Statoil inngikk i 2008 Akademia-avtaler med universiteter som er verdensledende på sine områder. Gjennom Akademia-programmet finansieres en rekke doktorgrader, post-doc-er og professorater. Ansettelse av stipendiater og professorer styres i sin helhet av universitetene. Med 5-årige avtaler ivaretar vi langsiktighet både for oss og universitetene og erfaringene etter fem år er svært positive. Vi besluttet derfor i høst å fornye mange av avtalene med fem nye år.

Vi ser fram til fortsatt godt samarbeid med universitetene og forskningsmiljøene og håper vi kan stimulere til økt grunnforskning, kunnskapsbygging og utdanning ved norske og utenlandske utdanningsinstitusjoner.

Lars Høier er forskningsdirektør i Statoil.

«Det meste av akademiets avtale med Statoil rettar seg mot petroleum.»

Akademisk rådløyse

FORSKING
PETER M. HAUGAN OG
HELGE DRANGE
BERGEN

I Dag og Tid 6. desember seier preses i Det Norske Videnskaps-Akademi, Kirsti Strøm Bull, at det Statoil-finansierte Vista-programmet støtter grunnforskning innanfor fag som kan komme til nytte for meir enn petroleum. Bull meiner at det er etisk forsvarleg å driva denne forskinga sidan vi ikkje har energikjelder som kan erstatta olje og gass. Og ho legg til at det kan tenkjast at dei gjennom dette programmet får fram forskning som kan medverka til å løysa utsleppsproblemet.

For det fyrste: Det er eit faktum at det meste av akademiets avtale med Statoil rettar seg mot petroleum. Minst tre av fem utpeika område er heilt og fullt olje- og gassrelaterte. Truleg har ein endå større del av finansieringa eit slikt fokus. At det er snakk om grunnforskning, betrar ikkje saka. Slik forskning kjem oftast i bruk eitt eller fleire tiår fram i tid.

Då toler ikkje verda meir CO₂ i det heile.

For det andre: Den store utgreiinga «Global Energy Assessment» (GEA) frå 2012 syner at det både er teknisk mogleg og heller ikkje særskilt dyrt å leggja om energiproduksjonen og -bruken i verda slik at togradersmålet kan nåast. Det er samstundes mogleg å gje straum, betra global helse og auka energitryggleiken til ni milliardar menneske i 2050. Det viktigaste grepet for å nå desse måla er straks å byrja med å avkarbonisera energiforsyninga.

For det tredje: Det er ein vakker tanke at forskning på petroleum kan gje grunnleggjande oppdagingar som kan løysa det Bull kallar utsleppsproblemet. Men dersom målet er utsleppsfri energiproduksjon, er det målretta innsats mot fornybar energi og omstilling av samfunnet som må prioriterast, ikkje håpet om at løysinga kjem frå forskning som har som mål å forlengja fossilalderen.

I statuttane til Det Norske Videnskaps-Akademi heiter

det at akademiet skal «fremme vitenskapen blant annet ved å avgi uttalelser i sentrale vitenskapelige spørsmål». Det er med auka uro vi noterer at akademiet til dags dato ikkje har evna å koma fram til ei samlande utsegn om klimautfordringa. Kirsti Strøm Bulls utsegner til Dag og Tid minkar ikkje uroa.

Til slutt: I ingressen til intervjuet med ein av oss (PMH) i Dag og Tid 6. desember vart det framstilt som om han ville ha slutt på all Statoil-støtta vitenskap. Men det har ikkje vore poenget. Det er heilt legitimt at private selskap tilbyr finansiering til forskningsinstitusjonar. Det er dei forskingsutførande universiteta som må ta stilling til kva for pengar dei vil ta imot. Vi har håp om at vårt eige universitet i Bergen vil gå i front og krevja ein framtidseretta profil om ein skal ta imot pengar frå Statoil og andre aktørar!

Peter M. Haugan og Helge Drange er baa professorar ved Geofysisk institutt ved Universitetet i Bergen.

Europabevegelsen vil gjera slutt på norsk landbruk

LANDBRUK
HEMING OLAUSSEN OG
TRINE HASVANG VAAG
RAMNES/SNÅSA

Europabevegelsen (EB) er eit troll med mange hovud som det ofte kan vera vanskeleg å verta klok på.

No kastar EB, ved leiar Jan Erik Grindheim, seg inn i striden om norsk ostetoll. På EU si side. Tru kva Ap og KrFs folk i organisasjonen tykker om dette?

Grindheim argumenterer som ein ekte liberalist, prinsipielt for frihandel. Helst skulle alle tollgrenser vore fjerna, overalt? Det er vanskeleg å lesa Grindheim annleis enn at Europabevegelsen har null sans for argument om at sær-eigne tilhøve ved Noreg (langstrekt land, tynt med folk, fjordar og fjell, tre prosent dyrka jord, arktisk klima) skal ha noko å seia for korleis vi sikrar norsk matforsyning og busetting i Distrikts-Noreg. Dermed vert det logisk å opna opp for all import av billeg gulost frå

EU – sjølv om dette vil utkonkurrera norsk mjølkeproduksjon og dermed ei ryggrad i det norske landbruket.

Grindheim hevdar at det vesentlege spørsmålet når det gjeld den tollendringa som den raudgrøne regjeringa fekk i stand, og som openbert har støtte i KrF og store delar av Venstre – om ikkje i Høgre og Frp – er spørsmålet om å halda avtalar. Tollendringa var eit avtalebrot! Dette sjølv om endringa de facto vart gjort med tilvising til WTO-avtalen og ikkje EØS. Dette sjølv om det ikkje har kome nokon formelle klagar frå nokon stad på den norske tollendringa – berre mishagsyttringar frå frihandelsliberalistar i EU. Eit EU som i tillegg har langt meir omfattande tollmurar på landbruksprodukt overfor omverda enn Noreg.

Problemet til Grindheim er at han ikkje talar sant. Han brukar halve sanningar i resonnementet sitt for å tvinga røynda inn i sitt eige skjema. Artikkel 19 i EØS-avtalen om

handel med landbruksprodukt slår nemleg òg fast at handelen skal vera balansert. Det er han verkeleg ikkje! Han er svært skeiv – i favør av EU. Og skeivare og skeivare vert han av di Noreg ikkje har noko stort eksportretta landbruk. Kva tykkjer Grindheim at EU bør gjera for å halda sin del av denne avtalen? Halda tilbake eksport av produkt? Argumenta hans hamnar i det absurde – som det gjerne gjer for fullblods liberalistar i møte med realitetane.

Grindheim slepper katta ut av sekken til slutt: Han vil ha landbruket inn i EØS og Noreg inn i EU. Sann at Noreg kan vera med og avgjera korleis landbruket i framtida skal sjå ut. Å ha fridom til å avgjera korleis norsk landbruk skal sjå ut, er openbert for lite for europadrøymaren Jan Erik Grindheim.

Heming Olausen er leiar i Nei til EU.

Trine Hasvang Vaag er sentralstyremedlem i Norges Bondelag og styremedlem i Nei til EU.